

Referat frå styremøte nr. 7-2021

Dato: 19.11.2021

Tid: kl. 08.30-10.45

Stad: United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund

Til stades frå styret:

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)
Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)
Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)
Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)
Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune) (Deltok via Teams)
4. vara Olav Myklebust (ordfører i Sande kommune)

Forfall:

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)
1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)
2. vara Jan Magnar Sandvik (varaordfører i Sula kommune)
3. vara Stein Aam (ordfører i Ørsta kommune)
5. vara Birgitte Sætre Bonesmo (varaordfører i Sykkylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 52/21: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Innkallinga vart godkjend.

Under saker til eventuelt tok styreleiar opp kva initiativ som kan takast når det gjeld Husbanken sine lån og tilskot for kommunar.

Styremedlem Olav Myklebust tok opp at fleire kommunar burde engasjere seg i FIRST LEGO League.

Sak 53/21: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 6-2021 (30.09.2021)

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå førre styremøte vart godkjend.

Sak 54/21: Orientering om arbeidet i Helsefelleskap Møre og Romsdal

Ved medlemmane frå Sunnmøre i felles samarbeidssekretariat i Helsefelleskap Møre og Romsdal Oddvar Marøy (søre Sunnmøre) og Bodil Haugen Våge (nordre Sunnmøre)

Marøy og Våge orienterte om bakgrunnen for og organiseringa av Helsefelleskap Møre og Romsdal. Felles samarbeidssekretariat skal ha ei koordinerande rolle i høve til dei tre nivå i helsefelleskapet: partnerskapsmøte (nivå 1), strategisk samarbeidsutval (nivå 2), faglege samarbeidsutval (nivå 3) og lokale samarbeidsutval (nivå 3).

Ålesund kommune har søkt om midlar til ein sekretariatsfunksjon, som er ein sentral føresetnad for at kommunane i helsefelleskapet kan samordne seg i samarbeidet med helseføretaket.

Framskrivningar i utviklingsplanen til Helse Møre og Romsdal HF kan få konsekvensar for kommunane. Kva behov og perspektiv skal styre samhandlinga kring pasienten? Det er viktig å målbera at kommunane er ulike. I helsefelleskapet skal ein gå frå å vere partar til å verte partnarar, og vere saman om heilskap og berekraft i helsetenestene.

Tilbakemeldinga i styret var at tillit er viktig og at kvar kommune gjerne kan invitere leiinga i Helse Møre og Romsdal til eit møte. Det er viktig å få på plass fagleg, administrativ og politisk dialog om korleis utvikling av helseføretaket sine tenester får konsekvensar for kommunane, t.d. ved at kommunane må bygge opp nye tilbod.

Konklusjonen vart at styret kjem tilbake til saka på eit seinare styremøte.

Presentasjonen følgjer vedlagd.

Sak 55/21: Rekneskapsrapport per 31.10.21

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rekneskapsrapport var utsendt til møtet. Dagleg leiar orienterte om at rekneskapan for 2021 truleg kjem til å gå i balanse sjølv om periodisert rekneskapsrapport per 31.10.21 viser eit underskot.

Styret valde å utsette saka til neste møte.

Sak 56/21: Budsjett 2022 Sunnmøre Regionråd IKS

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Budsjettet legg til grunn ei oppjustering av driftstilskotet (jf. selskapsavtalen § 4) frå kommunane med 2,5 % frå 2021 til 2022. Oppjusteringa er lik kommunal deflator (anslag samla pris- og lønsvekst) i framlegget til statsbudsjett for 2022. Det er altså ikkje lagt opp til nokon realvekst i kommunalt driftstilskot frå deltakarkommunane til regionrådet.

Budsjettet legg opp til framhald av 3 100% stillingar i administrasjonen i 2022. Av dei 3 stillingane er 2 knytt til generell drift, som vert fullfinansiert med driftstilskotet frå kommunane til regionrådet. Driftstilskotet frå kommunane vert kr. 21,5- pr. innbyggjar (+2,5 % frå 2021 til 2022). I tillegg er det 1 stilling knytt til prosjektet 1000 Skule- og barnehageutvikling, som etter avtale vert finansiert med tilskot frå kommunane på nordre Sunnmøre som deltek i prosjektet.

Vedtak: Styret legg budsjettet for 2022 fram for representantskapet med tilråding om godkjenning.

Sak 57/21: Eksportvegen AS

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Det går fram av sak 180/21 i Ålesund formannskap 2. november 2021 at Ålesund kommune ønskjer å vidareføre arbeidet for utbetring og opprusting av E136 dersom selskapet Eksportvegen AS blir vedtatt oppløyst. Ålesund kommune ønskjer også å overta namnet Eksportvegen.

I ekstraordinær generalforsamling 5. november 2021 vedtok generalforsamlinga i Eksportvegen AS å oppløyse og avvikle selskapet. I påfølgande ekstraordinært styremøte 5. november 2021 vedtok styret i Eksportvegen AS at Ålesund kommune kan ta i bruk namnet Eksportvegen AS til sitt vidare arbeid for opprusting av strekninga Ålesund-

Dombås.

Ålesund kommune vil utarbeide ei sak om val av organisasjonsform, vedtekter, økonomi, drift m.v. for Eksportvegen (E136).

Konklusjonen var at Sunnmøre Regionråd vil ta ei rolle i å ta det vidare arbeidet med Eksportvegen (E136) i samarbeid med Ålesund kommune. Styret kjem tilbake til saka.

Sak 58/21: Representantskapsmøte nr. 4-2021 – orientering om møtet

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Representantskapsmøtet vert halde på Atlanterhavsparken i Ålesund kommune. Innkalling med sakliste til møtet er utsendt.

Styreleiar ønskte å legge inn 10 min. på representantskapsmøtet med orientering om arbeidet i styret i Sunnmøre Regionråd. Styret vil gjerne få tilbakemelding frå representantskapet om kva saker Sunnmøre Regionråd skal arbeide med i 2022.

Styret ser gjerne at kommunedirektørane deltek på representantskapsmøta og at dei kjem med innspel til saker.

Sak 59/21: Bymiljøavtale for Ålesund byområde

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Stortinget vedtok våren 2021 at Ålesund og fire andre byområde skulle få 600 millionar kroner over ein fireårsperiode for å sikre meir miljøvennleg transport. Ordninga er ein forenkla variant av bymiljøavtalane til 5 norske storbyregionar.

For 2022 hadde Solberg-regjeringa foreslått ei løyving på 30 millionar kroner i statsbudsjettet til denne ordninga. Noverande regjering har imidlertid kutta denne løyvinga, og det skaper usikkerheit om ordninga.

Konklusjonen var at Sunnmøre Regionråd sender ein e-post om saka til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård og statssekretær Mette Gundersen innan 23. november 2021, då det skal vere eit møte.

Sak 60/21: Eventuelt

Under saker til eventuelt tok styreleiar opp kva initiativ som kan takast når det gjeld Husbanken sine lån og tilskot for kommunar. Styret vil vurdere å ta opp saka på møte i representantskapet.

Styremedlem Olav Myklebust tok opp at fleire kommunar burde engasjere seg i FIRST LEGO League. Dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd følgjer opp dette.